

Saksbehandlar: Kristin Arnestad  
Avdeling: Næringsavdelinga  
Sak nr.: 11/5596-5

---

## Retningslinjer for verkemiddelbruk næringsretta satsingar - revisjon

### Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for plan og næring vedtek retningslinjer for verkemiddelbruk for næringsretta satsingar i tråd med endringar føreslått i vedlegg 1.
2. Det vert gjort ein større gjennomgang av retningslinene i 2014, med verknad frå 2015.

### Vedlegg:

1. Framlegg til retningslinjer for verkemiddelbruk – næringsretta satsingar, gjeldande frå 5. februar 2014

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Forskrift Statsbudsjettet, kap. 551, post 60 og 61  
Retningslinjer Statsbudsjettet, Kap. 551, post 60 og 61

## **1. BAKGRUNN**

### 1.1 Bakgrunn for at saka er reist

Vi har gjeldande retningsliner vedtekne av hovudutval for plan og næring i juni 2012. Frå 2014 er det gjort nokre endringar i retningslinene for Kap. 551, post 60 og 61, samstundes er det vedteke ei ny forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar. Som følgje av desse endringane er det trong for å gå gjennom, og sikre at fylkeskommunen sine eigne retningsliner er oppdaterte.

Hausten 2013 vedtok også fylkestinget ei rullering av handlingsprogrammet for fylkesdelplan for klima og miljø. Vi må sikre at naudsynte oppdateringar vert gjort i gjeldande retningsliner.

### 1.2 Om retningslinene

Retningslinene blei vedtekne som del av eit større arbeid med å forbetre system og rutinar. Vi skal vere tydelege ovanfor søkjarar, sikre målretta bruk av midlane og ha ei sakshandsaming som har god kvalitet og er sams frå sak til sak. Retningsliner og regelverk skal ikkje vere omfattande, men bidra til eit enklare og meir oversiktleg system.

### 1.3 Problemanalyse

Framlegget som ligg føre gjeld berre den delen av plan og næring sitt budsjett som gjeld næringsretta satsingar. Det treng ikkje vere eit problem, men det krev ekstra presisjonsnivå i kommunikasjon med andre og ved framlegging av saker til politisk handsaming.

Største delen av plan og næring sitt budsjett består av midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). For desse midlane gjeld eit eige regelverk. Fylkesdirektøren meiner at vi i minst mogleg grad må skilje mellom ulike typar midlar ovanfor søkjarar. Det er difor lagt opp til at retningslinene gjeld for alle midlar innan næringsretta satsingar, men det er opna for nokon unntak som sikrar fleksibilitet.

Det er ikkje ynskjeleg å gjere store endringar i retningslinene no. Større endringar krev ein god og brei dialog med kommunane, og bør gjerast i året før tildelingsåret. Når ein er i gang med eit større arbeid med verdiskapingsplanen, er det heller ikkje naturleg å gjere omfattande endringar no.

### 1.4 Meir om regelverket frå KMD

Retningslinene for Kap. 551, post 60 og 61 er rullert frå 2014. Endringane er i hovudsak språklege, og har ikkje større innhaldsmessige verknader. Det er også vedteke nye retningsliner for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel. Forskrifta regulerer i hovudsak forholdet mellom tilskotsforvaltar (her fylkeskommunen), og dei som søker midlar. Heller ikkje forskrifta fører til store praktiske konsekvensar i våre retningsliner, og praksis.

Også økonomiregelverket i staten gjeld for bruken av midlar over Kap. 551. Vi går no berre gjennom dei endringane vi meiner er relevante i forhold til retningsliner for verkemiddelbruk. Fleire punkt samsvarar med endringar som må gjerast for retningsliner for kommunale næringsfond.

## **2. VURDERING OG KONSEKVENSA**

### 2.1 Regelverk frå KMD

## Overordna tildelingskriterier

KMD har fastsett fire overordna tildelingskriterier, der det kan søkjast om tilskot som:

- er i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar
- kan synleggjere distrikt- og regionalpolitisk verknad
- har god kvalitet og der søkjar har god gjennomføringsevne
- har utløysande effekt

Fylkeskommunen kan fastsetje ytterlegare tildelingskriterier. Vi må ta inn punktet om distrikts- og regionalpolitisk verknad.

## Målgrupper og prioriterte satsingar

Kvinner, ungdom og innvandrarak har i mange år vore ei prioritert målgruppe for dei regionale utviklingsmidlane frå departementet. Frå 2014 har ikkje KMD ungdom og innvandrarak som spesifisert målgruppe. Fylkesdirektøren rår til at fylkeskommunen uavhengig av dette har kvinner, ungdom og innvandrarak som målgruppe. Målgrupper er ein del av arbeidet med verdiskapingsplanen, og det vil truleg bli lagt overordna føringar for dette området i den nye planen. Vi ser ikkje grunn til å gjere endringar no.

## Ny forskrift og rullering av retningslinjer

Frå 1. januar vart ei heilt ny forskrift gjort gjeldande. Samstundes er retningslinjene revidert. Føremålet var å tydeleggjere og forenkle forvaltninga. Slik vi ser det når vi har gått igjennom dokumenta, så er det mest språkleg tydeleggjering og presisering, og strukturendringar som er gjort.

Mykje av det som står i retningslinjene omhandlar søkjar sine rettigheter og plikter, og det vil vere tilstrekkeleg å opplyse om dette ved utlysing.

I våre retningslinjer må vi no vise til forskrift og vi må gjere nokre mindre tekstlege endringar. Dei kjem fram i vedlegg.

## Utlysing gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)

Nytt frå 2014 er at det blir obligatorisk å nytte søknadsmodulen i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). No må alle som ynskjer tilsegn frå midlane fylkeskommunen disponerer gjennom Kap. 551 søkje gjennom denne sida. Det er også lagt inn krav og premisser for korleis ein etablerer tilskotsordningar.

Vi ynskjer å lyse ut alle midlar gjennom denne sida. I 2013 lyste vi ut midlar til reiselivssatsing gjennom nettsida, og vi har gode erfaringar med dette.

### 2.2 Rullering av klima og miljøplan

Fylkestinget rullerte handlingsprogrammet for fylkesdelplan for klima og miljø i sak 34/13. Eine tiltaket er: «I samband med tildeling av regionale utviklingsmidlar skal det stillast krav til miljøprofil og berekraftig drift». Rapportering og indikatorar for tiltaket skal vurderast nærare.

I arbeidet med verdiskapingsplanen ser vi på samfunnsansvar og berekraftig utvikling som premiss. Vi trur ikkje det er fornuftig å legge ned mykje arbeid i å etablere indikatorar og rapporteringsregime no, rett i førekant av verdiskapingsplanen.

Vi føreslår at for 2014 tek vi inn eit punkt i retningslinjene som heiter: «Ved tildeling av midlar til næringsretta satsingar skal det leggst vekt på miljøprofil og berekraftig drift».

### 2.3 Fylkeskommunen sine satsingsområde

Midlane skal nyttast i tråd med fylkeskommunen sine næringsretta satsingar. Det er gjort nokre endringar i budsjettstrukturen, og i omgrepsbruken som må oppdaterast i retningslinjene.

### **3. KONKLUSJON OG TILRÅDING**

Vi har lagt inn framlegg til endringar i vedlegg 1. Vi har nytta spor endringsfunksjonen i gjeldandane retningsliner. Dei fleste endringane er påkravd som følgje av nye retningsliner frå KMD.

Vi ynskjer ein gjennomgang av retningslinene i 2014, med verknad frå 2015.